0001 H/53
Geomatikk
1981001 PS Plansak 1981-09-10 1-0

REGULERINGSFØRESEGNER FOR SKULE- OG SENTRALIDRETTSANLEGG,
LÆRDAL KOMMUNE

§ 1

Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense.

§ 2

Område for offentlege føremål

Området skal nyttast til skuleføremål. Bygningane kan oppførast i inntil 2 etasjar. Utnyttingsgraden skal maksimalt vera 0.4.

Utforming av bygningar, avkjøyrsler, parkering, gjerder o.l. skal i kvart einskild høve godkjennast av bygningsrådet.

§ 3

Friområde

Området skal nyttast til idrettsanlegg, mosjon- og trimanlegg, stemneplass o.l.

Naudsynte bygningar for drifta av dei ulike anlegg kan oppførast i friområdet.

§ 4

Fellesføresegner

a) Bygningsrådet skal ved handsaminga av byggemeldingar sjå til at bygningane får god form og materialhandsaming. Bygningar i same område skal ha ein harmonisk og einsarta utføring med omsyn til takvinkel (-form) og materiale.

b) Gjerder i friområdet kan berre oppførast der bygningsrådet finn det naudsynleg av omsyn til bruken av området.

c) Bygningsrådet kan gjera unntak frå reguleringsføresegnene om særlege grunnar talar for dette, og unntaket er innafor ramma av bygningslova og bygningsvedtektene i kommunen.

MILJØVERNDEPARTEMENTET
16 AUG. 1983
Stadfestet den ..... 19.....